

Oppsummering Kick off ungdomsrådsarbeid 2021-22

Bømlo kommune



Oppsummeringa er laga av rådgivar for folkehelse og frivilligheit, Lene Borgen Waage

Innleiing

Alle i elevråda ved dei tre ungdomsskulane og dei to vidaregåande skulane og ungdommar med ansvar for ein ALLEMED-dugnad i Bømlo fekk invitasjon om å delta på kick off-samling i Bekkjarvik 22.-23. oktober. I forkant av samlinga vart programmet sendt ut og alle foreldre sendte godkjenning på deltaking og bilde-/videotaking. I tillegg til ungdommane var også fleire voksne med som ressurspersonar på samlinga. Programmet er lagt ved i vedlegg 1.

Kick off-samlinga vart til som ein del av arbeidet med prosjektet *Ungdom ved roret*, som er ein del av Bømlo kommune sitt program for folkehelsearbeid. Målet med samlinga var at ungdomsrådet skulle få ein intensiv oppstart av året, der dei skulle velja ut prosjekt som dei ønskjer å jobba meir med. Innhaldet i helga byggjer på ABCD-metodikken – Asset Based Community Development. Dette er ein styrkebasert tilnærming for å mobilisera, kartleggja og knytte saman ressursar i utvikling av nærmiljø og samfunn¹. Takk til Cormac Russell frå Nurture development og Inger Helen Midtgård frå HVL for hjelp til val og utforming av verktøya som vart nytta på samlinga.

Peter Tubaas frå Vestland media deltok på heile samlinga og har tatt bilda i oppsummeringa, samt laga video som er tilgjengeleg via Bømlo kommune sin Facebookside og Youtube-kanal og Bømlo ungdomsråd sin instagramkonto: <https://www.youtube.com/watch?v=uwVTvV4VcoE>

¹ <https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivillighet/folkehelse/>

Invitasjon, program og dokumentasjon

Alle i elevråda ved dei tre ungdomsskulane og dei to vidaregåande skulane i Bømlo fekk invitasjon om å delta på kick off-samling i Bekkjarvik 22.-23. oktober. I tillegg fekk nokre ressurspersonar knytt til ALLEMED-dugnad og vaksne ressurspersonar invitasjon.

I forkant av samlinga vart programmet sendt ut og alle foreldre sendte godkjenning på deltaking og bilde-/videotaking. Peter Tubaas frå Vestland media deltok på heile

Programmet er lagt ved i vedlegg 1.

Deltakarar

Namn	Skule
Hannah Oliva Breivik	BUS
Even Habbestad	BUS
Tirill Nedrebø Myhre	BUS
Eirik Nitter	BUS
Adin Ridic	BUS
Sofie Wæstre Sævik	BUS
Mats Rissmann-Bredesen	BUS
Sivert Hansen	BUS
Vetle Sortland Rolfsnes	BUS
Victoria Celine Folgerø-Holm	BUS
Ingeborg Ervik Strand	BUS
Karan Abedi (dag 1)	BUS
Lina Eide	Bømlo vgs
Thilde Irene Heldal	Bømlo vgs
Brendesæter	
Emilie Engseth Nyhammer	Bømlo vgs
June Meling	Bømlo vgs
Tverborgvik	
Nora Hallaråker	Bømlo vgs
Selma Meling	Bømlo vgs
Alfred Thormodsæter (dag 1)	Bømlo vgs
Oliver Tufteland (dag 1)	Hillestveit
Line Eidesvik (dag 1)	Hillestveit
Victor Daland	Moster
Dan Jesper	Moster
Bjarte T Notland	Moster
Åsa Totland	Moster
Dominykas Izmailovic	Moster
Mathias Vegstad	Rubbestadnes et vgs
Hannah Stokkenes-Jenkins	Rubbestadnes et vgs
Tuva Ladden	Rubbestadnes et vgs

Namn (vaksne)	Tilhøyre
Elsa Aanensen	Moster 2024
Peter Tubaas	Vestland Media
Iselin Hollund	Masterstudent HVL
Lene Borgen	Rådgivar folkehelse og frivillighet
Øyvind Marstein	Helsesjukepleiar og (middag dag 1 og dag 2) MOT-koordinator
Tone Stavland (dag 2)	Kommunalsjef samfunnsutvikling
Anne T Johannessen (dag 2)	Leiar frivilligsentralen og formannskapsrepr. For Frp
Stein Rosland (dag 2)	Fritidskortet

Rominndeling

Trinnvis rominndeling etter prinsipp om at ein skulle kjenne dei ein var på rom med.

Gruppeinndelingar


- Blanda gruppe mellom skular (dag 1)
- Bursdagsrekkefølge (dag 2)
- Gruppetilhøyre avhengig av interesse (open space dag 2)
- Trekt bordplassering (lunsj dag 2)

Innleiande presentasjon

Rådgivar for folkehelse og frivillighet heldt ein innleiande presentasjon om prosjektet og målet med helga:

Målet vårt

Ungdommane i Askøy og Bømlo set sakar og prosjekt på dagsorden og får reell påverknad i sakar som angår dykk.



Det viktigaste spørsmålet

Kva bryr du deg så masse om at du har lyst til å gjera noko med det?

Oppdrag

- Reflekskampanje
- Fritidskortet



KVA RESSURSAR KAN ME SPELA PÅ?




Bli kjent bingo

Deltakarane fekk utdelt bingoark og gikk rundt for å finne deltarar som passa med skildringa i dei ulike felta.

Ålenebarn	Har eldre sesken	Liker matematikk	Liker å danse	Hater adderkopper og/eller slanger
Liker å synge	Har hund	Liker å sykle	Liker pizza	Elsker fotball
Blå synne	Flink til å tegne	PRIFELT	Har katt	Harer mye musikk
Liker dyr	Forget håret	Har yngre sesken	Liker sjokolade	Snakker flere språk
Kreativ	Liker å svamme og/eller bade	Liker å skrive	Flink til å lage mat	Liker å lese

Hovud, hjarte, hender



Alt det vi kan: Hovudet

- Rekne
- Skrive
- Struktur og orden
- Språk
- Programmere
- Snakke framfor andre



Alt det vi kan: Hjartet

- Spørre nokon om å bli med
- Passe på dýra
- Gå på besøk
- Hjelpe til heime
- Leggja merke til kva andre treng



Alt det vi kan: Hendene




- Male og teikne
- Spela eit instrument
- Sport og idrett
- Bake
- Sy og strikke
- Reparere syklar
- Bygge lego



Deltakarane fekk ein kort introduksjon med skildring av korleis me ønskjer å bli kjent med og framsnakke ressursane me alle har knytt til hovud, hjarte og hendene – både talent og det me har blitt gode på ved å øve oss:

Alle deltagarar fekk utdelt post-it-lappar og skreiv sine ressursar på lappane, før dei festa det på tre flip over-ark: Eitt for hovudet, eitt for hjartet og eitt for hendene. Etter den første runden fekk alle høve til å skrive opp nokre ekstra lappar.





Reflekskampanje

Alle gruppene fekk utdelt informasjon om reflekskampanjen og etter gruppearbeid, kom ungdommene med innspel til kampanjen i plenum.

Informasjon om kampanjen

Prosjekteigar

Bømlo Kommune i samarbeid med Finnås Kraftlag

Sponsor: Finnås Kraftlag

Budsjetttramme: 75.000,-

Mål

- Motivere ungdom til å bruke meir refleks, unngå skader i trafikken som følge av manglande refleksbruk.
- Profilere Bømlo Kommune som Norges trafikksikker kommune
- Profilere Finnås Kraftlag som lokal sponsor og bidragsytar (75 år-jubilant)

Målgruppe

Ungdomsskule og vidaregåande skuler på Bømlo. Om lag 900 elevar

Styringsgruppe:

- Tor Bjarne Smedsrød, Finnås Kraftlag
- Bente Steinsland, Finnås Kraftlag
- Lene Borgen Waage, Bømlo Kommune
- Bjørn Håvard Bjørklund, Bømlo Kommune
- Laila Medhus, Vestland fylkeskommune

Arbeidsgruppe:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe blant elevane som deltar på Bekkjarvik-samlinga. (Lene ansvarleg)

Arbeidsgruppa skal legge fram forslag til reflekskampanje og budsjett for godkjenning av styringsgruppa.

Mandat/oppgåve for arbeidsgruppa:

Arbeidsgruppa skal utarbeide forslag til ein reflekskampanje med fokus på korleis ein skal få ungdommar til å bruka meir refleks.

Lage forslag til SOME-kampanje med fokus på refleksbruk. Kampanjen skal ha ein solid premie som motiverer ungdom til å delta. Premien skal gå til eit lag eller gruppe som deltar med bidrag

Gruppa må utarbeide konkurranseregler, plan for praktisk gjennomføring, val av plattform etc., samt lage plan for kick-off og promotering av konkurransen. Aldersgrense for å delt i konkurransen er 13-20 år. Ønsker emneknagg: unngå_spenning_langs_vegen

Komme med tilråding vedr ønska refleksprodukt, minimum 1 refleks til kvar elev (900). Minst kr. 30.000 av budsjettet er øyremerka refleksar.

Gruppa må hente inn informasjon og produkt, pris og leveringstid.

Refleksprodukta skal ha Finnås Kraftlag profilering, med logo og om mogleg teksten: unngå spenning langs vegen. Finnås Kraftlag ordnar det praktiske rundt sjølve bestillinga.

Kampanje og budsjett skal leggast fram for styringsgruppa for endeleg godkjenning.

Milepelar:

22.-23.oktober	Samling Bekkjarvik, 30 ungdommar
1.november	Møte styringsgruppa
10.november	Kick off i samband med Fartsdag – unngå spenning langs vegen
?	Finale/Kåring av vinnar. Kampanjeslutt

Oppsummering innspele frå ungdommene

Produkta

- Ønskjer reflekssele som t.d. <https://www.reflexland.com/product/reflekssele/>
- Gjerne svart (ikkje gul)
- OBS! Må vera CE-merka: <https://www.tryggtrafikk.no/refleks/velg-ce-stemplet-refleks/>

Kampanjen

- Utdeling av refleksprodukt til alle elevar på ungdomsskular og vidaregåande skular i Bømlo
- Bilete og videoar i sosiale media frå 10.11-1.12 med emneknaggar
 - o Kanalar: Insta, Face og Tiktok
 - o Emneknaggar: #tryggtrafikk #unngåspenninglangsvegen #finnåskraftlag #bømlo (++)
- Premiering til dei tre beste videoane/bileta:
 - o Mest kreative: Jury: Ungdomsrådsstyret
 - o Flest refleksar: Jury Ungdomsrådsstyret
 - o Mest budskapsgjenvande: Jury: Styringsgruppa
- Arena for å spreie kampanjen:
 - o Skulane (trafikksikringsdag for vsk 10.11)
 - o Spørja kjendisar om å fronte kampanjen: T.d. Vegard Harm, Herman Flesvig, Heine Totland
 - o Profileringsprodukt som blir plassert i samband med nyheitar knytt til trafikksikring
- Forslag premiar: Kjendisbesøk til skulen, gavekort, goodiebags, pengar til lag/organisasjon/klasse for klasseturar/russebilar osv

Vidare arbeid

Styringsgruppa godkjente rammene for prosjektet 1.11 – Ungdommene fortsette planlegginga og lanserte kampanjen 3.11 – Sjå ungdomsrådet sin instagramkonto <https://www.instagram.com/bomloungdomsråd/> for meir informasjon og oppdateringar.

Fritidskortet

Bømlo er pilot for fritidskortordninga i lag med mellom anna Stord og Fitjar og 21 andre kommunar i Noreg. Sjå <https://www.bufdir.no/Familie/fritidskortet/> og <https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivilligheit/fritidskortet/>

Etter ein kort introduksjon vart ungdommene bedne om å laga korte slagord for å få barn og unge til å bruke fritidskortet. Desse vart filma og danna grunnlaget for denne filmen:

<https://www.facebook.com/bomlokommune/videos/957839771747807>

Alle med-dugnad – Av og for unge!

På oppdrag frå alle med-organisasjonen hadde fire av ungdommene fått i oppdrag å gjennomføra ein ungdomsdugnad etter alle med-metoden. Eirik Nitter, Selma Meling, Mats Rissmann-Bredesen og Lina Eide leia dugnaden med introduksjon, aktivitetar og arbeid med case.





Sjå meir informasjon om prosjektet på: <https://www.allemed.no/nyheter/allemed-av-og-for-unge-vier-i-gang>

Nokre punkt frå dugnaden:

Kvifor er fritidsaktivitetar viktig?

Alt som skal til for å kunne delta



Prosjekt å ta tak i:

- Utstyr er dyrt – ungdommene foreslår ei bytte-/bruktmesse i regi av til dømes idrettslag og andre arrangørar, der ein kan bytte til seg/kjøpe brukt utstyr.
- Medlemskontingentar og deltakaravgift er dyrt – ungdommene synes det er svært synd at det nasjonale fritidskortprosjektet blir avslutta². Dei oppfordra til å vidareføre ordninga med at (delar av) medlemskontingeneten/deltakaravgifta blir dekka.
- Dei vaksne sitt engasjement er viktig for å ha gode fritidsaktivitetar. Det er viktig å jobbe for at desse har god kompetanse og trivst med jobben som vaksenleiarar.
- Transport er ei stor utfordring for mange. Ungdommene oppfordra til at ein tenkte nytt for å finne alternative løysingar til buss. Forslag som vart nemnt var samkøyring og sponsoring av taxi

I etterkant av ungdommen deltok tre av ungdommene på ALLEMED-dugnaden i Bømlo 25.11, der dei mellom anna la fram resultatet av ungdomsinnspelet. Sjå referat på Bømlo kommune sine nettsider: <https://www.bomlo.kommune.no/aktuelt/vil-fa-fleire-unge-med-i-fritidsaktivitetar-i-bomlo.8>

We can game



Ungdommene fekk delt ut ei rekke med prosjekt/problemstillingar dei skulle ta stilling til om dei kunne gjennomføra. Konklusjonen var i all hovudsak at dei kunne gjennomføra prosjekta sjølv.




² Fritidskortet er eit nasjonalt prosjekt der Bømlo, saman med Stord og Fitjar og 21 andre norske kommunar testar ut ei ordning der alle barn og unge mellom 6 og 18 år får 1000,- i halvåret til medlemskontingentar/deltakaravgifter: <https://www.bufdir.no/Familie/fritidskortet/>

Open space

Som avslutning på dag 1 samla me alle deltarane i ein ring – i midten låg det ein flipover, post its og penn. Alle deltarane fekk då spørsmålet: *Kva bryr du deg så mykje om at du vil gjera noko med det?*





Først sparra dei fem minutt med sidemannen. Me vendte så merksemda tilbake i plenum og ba dei som ville om å komma fram, skrive ideen sin på ein post it og feste den på flip over, samt si namnet på ideen høgt. Etter alle som ville hadde vore framme, fekk ungdommane på ny summe med sidepersonane, før me på nytt inviterte dei som ville inn i ringen.



Dag 2 starta me på nytt i ringen der me introduserte resten av opplegget:

Fyrst leste me høgt alle ideane som var løfta fram på dag 1.

Dei som ønskte gjekk så fram, tok ein post it lapp og flytta over på ein ny flip over og danna dermed ei prosjektgruppe rundt idéen.





Den som gjekk fram fekk med seg ein tom flip over og gjekk til eit gruppebord. Dei som ikkje sjølvé danna ei ny prosjektgruppe, valte gruppe ut frå dei som var laga.

Når deltakarane hadde delteke ei stund på diskusjonen på ei gruppe kunne dei *bruke føttene* og vera *bier* som tek med seg næring frå ei gruppe til ei anna, eller bruke vengene sine som ein *sommarfugl* og fly frå ei gruppe til ei anna. I tillegg til at dette vart omtala i innleiinga, hengte

me opp ark som illustrerte dette og minte deltakarane på at dei kunne flytte seg undervegs.

Dei vaksne ressurspersonane gjekk rundt (som sommarfuglar og biar) og var definert som ressursar ungdommane kunne nytte seg av i prosjektutforminga. Det tok litt tid før deltakarane starta å flytte på seg, men mot slutten slo nokre av gruppene seg litt saman fordi fleire av prosjektideane hadde mange fellestrekks.

Etter ei stund delte me ut prosjektark der deltakarane systematiserte tankane sine til prosjektaktivitetar som kunne gjerast på kort, mellomlang og lang sikt. Avslutningsvis presenterte kvar av gruppene ideane sine. Alle tankeark og prosjektark er også lagt ved denne oppsummeringa. Ungdommane løfta dermed fram følgjande prosjekt som dei ville jobbe med i 2021-22:

- Møteplass til ungdom
- Fritidspark på gamle BUS
- Ting å gjera på fritida
- Buss på Bømlo
- Valfag jakt og gardsbruk (berre tankekart)


Val av organisering av ungdomsrådet 2021-22



I politisk sak til Utval for levekår i august 2021 vart det gitt fullmakt til å organisera ungdomsrådet alternativt i 2021-22³.

Innleiingsvis diskuterte ein korleis ein kunne ha dialog med og påverka ulike grupper. Ungdommane diskuterte vidare korleis ein best kunne følgja opp prosjekta som ein vil jobbe med og drive ungdomsrådsarbeid. Ein landa på å laga ein ungdomsrådsstyre som heldt i prosessane. Så kan ein laga prosjektgrupper i tillegg. Alle som ville det, fekk vera del av dette styret. Gjennom mentimeter fekk alle høve til å vise om dei syntes organiseringa verka bra.

Vidare valde ungdommane leiar: Emilie Engseth Nyhammer. Styret fekk elles mandat til å konstituera seg sjølv.



³ <https://einnsyn.bomlo.kommune.no/einnsynBK21/RegistryEntry/DocumentDetails/18852?SourceDatabase=>

Program Kick off ungdomsrådsarbeid 2021-22

Velkommen til kick off for ungdomsrådsarbeidet 2021-22! Me skal vera på Bekkjarvik gjestgiveri.

Først litt praktisk informasjon:

- Oppmøte Rubbestadneset båtkai 22.10 kl 1020. Retur 23.10 kl 1630. Veit det er nokon som skal heim før – flott om me får beskjed om når det blir henta/skal ta båt
- Kan alle som har ungdomsbillett gi beskjed? Me kjøper billett til alle andre.
- Alle skal bu på Bekkjarvik gjestgiveri – mange vil få rom aleine, men nokon må også dela rom. Flott om dei som tenkjer at dei gjerne kan dela rom, gir beskjed)
- Arrangementet er alkoholfritt. Me er 30 ungdommar og fem vaksne som er med heile opphaldet. I tillegg deltek fleire ressurspersonar som de ungdommar kan få nytte av i prosjekt de vil jobbe med både dag 1 og dag 2.
- Om nokon har allergiar eller anna ein må ta omsyn til, er det flott om de gir beskjed
- Me med oss Iselin Hollund som er masterstudent ved HVL heile helga. Ho vil gjerne høre frå dykk kva de syns er bra og kva vi kan gjera betre undervegs i samlinga.
- For å synleggjera arbeidet vårt og prosjekta de vil jobbe vidare med, vil me lage videosnuttar. Me vil derfor ha med oss nokon som filmar. Me ber derfor om tillating til dette. Om nokon ikkje har lyst til å bli filma er det sjølvsagt heilt fint!

Ber om at alle føresette der deltakar er under 18 år innan torsdag kl 20 sender tekstmelding eller e-post til lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no eller tlf 95934462 der de

- **stadfestar at dykker ungdom kan delta**
- **gir beskjed dersom dykker ungdom ikkje skal vera med på videosnuttar**

For alle deltagarar er det viktig at de

- **gir beskjed dersom dykker ungdom har allergiar me må ta omsyn til**
- **gir beskjed dersom deltagar har ungdomsbillett (som kan brukast på båten)**

Om de har spørsmål før eller under samlinga, kan de ta kontakt på

lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no eller tlf 95934462

Program

22. oktober

10.35-11.00	Båt Rubbestadneset-Bekkjarvik
11.00-12.00	Velkomst, Bli kjent bingo og hovud, hjarte, hender
12.00-13.00	Lunsj
13.00-14.00	Oppdrag frå Finnås kraftlag – utform kampanjen «Unngå spenning langs vegen»
14.00-16.00	Alle med-dugnad
16.00-16.30	Pause
16.30-18.30	Open space – kva prosjekt brenn de for?
19.30	Middag

23. oktober

- 09.30-10.30 We can game
- 10.30-10.45 Pause med utsjekk
- 10.45-12.00 Kafédialog med prosjektutvikling – utvikling av prosjektidéar
- 12.00-13.00 Lunsj
- 13.00-14.30 Innspeling av rekrutteringsvideoar og utforming av prosjektplan
- 14.30-15.30 Konstituering av ungdomsrådsarbeidet: Val av leiar, nestleiar og arbeidsform, samt
Tildeling av midlar

*) Faktorar kan de bruka for å finna ut kor mykje energi det ligg i dei ulike tiltaka og måla, men det kan også sløyfast om det vert for mykje å tenke på. Samtidig er det ein god temperaturmålar på tiltak og mål de set dykk.

Tema: BUSS På Bomlo

Leiar/sekretær:
Mats
Hannah

Namn på deltagarar:

- 1) Åsa
- 2) Victor
- 3) Dan
- 4) Mats
- 5) Hannah si
- 6)
- 7)

Open space 22.-23. oktober 2021

NB! Skriv planen så tydeleg at utanforståande forstår kva det går i 😊

Plan

Handlingplan

Faktorar*) 1= lav, 10 = høg			Livskraft
A Vilje	B Lyst	C Tru	A*B*C

Kva vil me gjere no først:

- Mål: Skriva rute på bussen fleire skulebusser (onsdagar e vanskelige)
- lettare tidspunk tilpassa til skule og jobb
- lettare å betale. Allehar ikke mobil
- Stå på klt prass

Handling:

- Snakke med kommunen
- avrik pga sikkerhet og miljø

10	10	2	200
----	----	---	-----

Kva vil me gjere snart:

- delt
- fleire nattbusser i helgene (di me treng dei. ikke så mange som tar nattbussar på jobbda gar)

Handling:

Kva kan vente med til seinare:

- Mål:

Handling:

***) Faktorar** kan de bruka for å finna ut kor mykje energi det ligg i dei ulike tiltaka og måla, men det kan også sløyfast om det vert for mykje å tenke på. Samtidig er det ein god temperaturmålar på tiltak og mål de set dykk.

Tema: **Fritidspark på Gamle Bus**

Leiar/sekretær:

Namn på deltagarar:

- 1) Selma Stavland Heling
- 2) Ketle Sortland Rølfnes
- 3) Hannah Oliver Breivik
- 4) Eirik Nittes
- 5) ~~Hannah Stokkes Jenkins~~
- 6)
- 7)

Open space 22.-23. oktober 2021

NB! Skriv planen så tydeleg at utanforståande forstår kva det går i ☺

Plan

Handlingplan

Gamle Bus

Faktorar*)
1= lav, 10 = høg

Livskraft

A Vilje	B Lyst	C Tru	A^*B^*C
------------	-----------	----------	-----------

Kva vil me gjere no først:

Mål:

Få politikarane til å
høyre ideane våre.

Handling:

- Laga ein handlingsplan
for tomta til gamlebus.
- Laga ei gruppe som
fokuserer på dette.

Kva vil me gjere snart:

Mål:

Rive Gamle Bus

Handling:

Rive Gamle Bus

Kva kan vente med til seinare:

Mål:

Fritidssenter på
Gamle Bus!

Handling:

Fokusere på fritidssenter



*) Faktorar kan de bruka for å finna ut kor mykje energi det ligg i dei ulike tiltaka og måla, men det kan også sløyfast om det vert for mykje å tenke på. Samtidig er det ein god temperaturmålar på tiltak og mål de set dykk.

Tema: Møteplass til ungdom

Leiar/sekretær:
Emilie

Namn på deltararar:

1) Emilie

2) Lina

3) Nora

4) June

5) Thilde

6) Ingeborg

7) Victoria

Open space 22.-23. oktober 2021

NB! Skriv planen så tydeleg at utanforståande forstår kva det går i ☺

Plan

Handlingplan

Faktorar*)

1= lav, 10 = høg

Livskraft

A
Vilje

B
Lyst

C
Tru

A^*B^*C

Kva vil me gjere no først:

Mål:

Bruke bomle bus til
noko ungdomsrettaert.
skate park

Handling:

Øvetale, Fai folk med
Fai med sponsorar
undersøkelse

10 10

7
9

B

Kva vil me gjere snart:

Mål: arrangement

Volleyballbord

Tennishane

(Filse gamle bus)

Skatepark + gjerde

Park

Ishytte

Handling:

Rive veggar mellom
klasserom
Fai skire med
Øvetale ~~pizza~~
Planlegg i sione ut
kva dei fleste ønsker

10 10

10
7

B

Kva kan vente med til seinare:

Mål:

Sandstraender

Spelrom

Brøgger i ulsen

Meir pynt, blomster,
benkar

Handling:

Planlegg
Gjennomførre
lage sti

8 8 8

BC

***) Faktorar** kan de bruka for å finna ut kor mykje energi det ligg i dei ulike tiltaka og måla, men det kan også sløyfast om det vert for mykje å tenke på. Samtidig er det ein god temperaturmålar på tiltak og mål de set dykk.

Tema:

Ting á gjëf på fritida

Leiar/sekretær:

Enrik

Namn på deltagarar:

1) Hannah

2) Åsa

3) Mats

4)

5)

6)

7)

Open space 22.-23. oktober 2021

NB! Skriv planen så tydeleg at utanforståande forstår kva det går i ☺

Plan

Handlingplan

Faktorar*)
1= lav, 10 = høg

Livs-
kraft

A
Vilje

B
Lyst

C
Tru

A*B*C

Kva vil me gjere no først:

Mål:

Redusere ventetida
i kulturskulen

Handling:

Fleire kulturstøtelevarar
Større areal
Fleire faste stillingar

Kva vil me gjere snart:

Mål:

Skate

Handling:

Opprette skateskule
Bruke ute ved gamle bus
Gamle næster skule

Kva kan vente med til seinare:


Mål:

Fornuftig bruk av
Gamle RVV


Handling:


Få inn nye aktivitetar

Noteplace for Ungdom



Gamle Bud





FRITIDSAKTIVITETAK

